

Høringsfråsegn frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa til forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har som mandat å styrkje nynorskopplæringa, og høringsfråsegna vår vil derfor kommentere utkastet til rammeplan med utgangspunkt i dette mandatet.

Lærerutdanning og nasjonal språkpolitikk

Grunnskolelærerutdanningane er nasjonale lærerutdanningar og må derfor følgje opp nasjonal språkpolitikk. Nynorsk og bokmål har vore jamstilte, offisielle skriftspråk sia 1885, og i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining*, nemner to av dei fem overordna måla nynorsk og bokmål eksplisitt:

- *Det skal leggjast til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål*
- *Alle skal ha rett til språk, å få utvikla og tileigna seg det norske språket, bokmål og nynorsk, å få utvikla og bruka sitt eige morsmål eller førstespråk, inkludert teiknspråk, sitt eige urfolksspråk eller nasjonale minoritetsspråk, og alle skal få høve til å lære seg framande språk (s. 24).*

Skriving på begge målformer som overordna, tverrfagleg kompetanse

Det er om lag 82 000 elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskolen. Dei skal ha opplæring i alle fag på hovudmålet sitt. Lærarar med god kompetanse i nynorsk, som kan bruke nynorsk som undervisningsspråk i alle fag, og som kan gi opplæring i grunnleggjande ferdigheiter på nynorsk, er nødvendig for å halde oppe kvaliteten på undervisninga for desse elevane.

Derfor ser vi positivt på at ferdigheiter i begge målformer er formulert på eit overordna nivå i utkastet til forskrift om rammeplan, jf. § 2: ”Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng”, og at denne formuleringa gjeld for kandidatar i begge grunnskolelærerutdanningane.

I lærerutdanninga for trinn 1–7 kan obligatorisk norsk ivareta ein del av skriftleg nynorsk og bokmål som grunnleggjande og tverrfagleg ferdigheit i utdanninga, men i lærerutdanninga for trinn 5–10 er ikkje norsk obligatorisk fag, og det synest svært uklårt for oss korleis ein skal få til fagleg forsvarleg opplæring i norsk skriftleg, bokmål og nynorsk, for alle studentane i dette utdanningsløpet. Ein måte å løyse dette problemet på kan vere å etablere eit tverrfagleg emne knytt til dei grunnleggjande ferdigheitene, der utvikling av kompetanse i begge målformer inngår. Dette må komme til uttrykk i § 3 i forskrifta.

Likeverdig vurdering

Vurderingsordningane i dei nye lærerutdanningane er ikkje fastlagde. Det er viktig for skoleeigarar som har ansvar for kvaliteten på opplæringa, å få dokumentasjon på at lærarkandidatar har nødvendig kompetanse i norsk skriftleg, bokmål og nynorsk, slik vi har beskrive ovafor. Det må sikrast likeverdig vurdering av kompetansen i begge målformer. Slik vurdering kan for mange studentar skje i norskfaget, men for dei som ikkje vel norsk som fag i utdanninga for 5.–10. trinn, må det skje på annan måte.

Frå 1938 til 1965 kunne lærarstudentar alternere mellom målformene i eksamensprøvene i pedagogikk og i norsk:

1. Pedagogikk: Både i den 4-årige og den 2-årige lærarskulen vert det gjeve ei skriftleg oppgåve i pedagogikk. Ho kann skrivast på bokmål eller nynorsk etter fritt val.
2. Norsk: Både i den 4-årige og den 2-årige lærarskulen vert det skrive ein stil i den målform som ikkje er nytta i den pedagogiske stilen. (Lov av 11. februar 1938 um lærarskular og prøvor for lærarar i folkeskulen, §17)

Ei tilsvarande ordning kunne for eksempel vere muleg i dag òg. Om ein ser på føringane i St.meld. 11 (2008–2009), ville det vere ei rimeleg ordning fordi faget pedagogikk og elevkunnskap saman med norskfaget har eit særskilt ansvar for dei grunnleggjande ferdigheitene (St.meld. nr. 11 (2008–2009), s.17 og 20).

Nynorsksenteret meiner at det må formulerast krav om likeverdig prøving i begge målformer i § 5 i forskrifta.

Fritaksordning

I § 5 blir det gitt reglar for fritak frå prøve i ei av målformene. Slikt fritak vil som regel gjelde nynorsk. Det bekymrar oss at mange studentar med minoritetsspråklig bakgrunn dermed ikkje vil kunne bruke nynorsk som undervisningsspråk, og dette vil kunne hindre dei frå å arbeide som lærarar ved skolar der nynorsk er hovudmål. Som norsklærarar på barnetrinnet skal lærarane også kunne arbeide med begge skriftspråka (jf. Læreplan i norsk i LK06), same kva hovudmålet til elevane er, og da treng dei skriftleg kompetanse i både bokmål og nynorsk.

Vi meiner at studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn må få høve til å utvikle skriftleg kompetanse i begge målformer, sjølv om dei har hatt fritak frå vurdering med karakter i vidaregåande skole, slik at dei kan bruke begge målformer i undervisninga og undervise elevar med nynorsk som hovudmål. Vi vil også minne om at studentar som har hatt fritak frå vurdering med karakter i vidaregåande skole, ikkje har hatt fritak frå opplæring eller undervegsvurdering (jf. §3-22 i forskrift til opplæringslova), og dei bør derfor ha ein viss kompetanse i den målforma som har vore sidemålet.

I Stortingsmelding 11 (2008–2009) blir manglande kompetanse ved studiestart tatt opp: ”Studentar som har svake eller manglande forkunnskaper for å kunne velge eller følge undervisninga i prioriterte fag, bør få tilbud om forkurs” (s.23).

Lærarutdanningsinstitusjonane bør derfor, i staden for fritak, tilby forkurs i nynorsk (som oftast er sidemål) for studentar som ikkje har norsk som morsmål, og som ikkje har vurdering frå vidaregåande skole. Alternativt må det leggjast sterkare vekt på skriftleg opplæring i den målforma som har vore sidemålet deira.

Oppsummering

Nynorsksenteret har framlegg til endringar i følgjande paragrafar i utkast til forskrift til rammeplan:

- § 3: sikre utviklinga av skriftleg kompetanse i begge målformer gjennom eit tverrfagleg, obligatorisk emne i grunnleggjande ferdigheiter i grunnskolelærarutdanninga for 5.–10. trinn
- § 5: formulering om likeverdig vurdering i begge målformer
- §5: formulering om tilbod om forkurs i den målforma som ikkje har vore hovudmålet til studenten i vidaregåande skole som alternativ til fritak frå prøve